



# Derfor må du betale meir for vatn, avløp og renovasjon neste år

Vi forstår at auka gebyr ikkje står øverst på ønskelista di til jul. Men det viktigaste vi gjer er å sikre at du får reint vatn i springen, og at avløp og renovasjon fungerer som det skal. Grunna auka kostnader til renter og straum, blir gebyret til vatn, avløp og renovasjon auka i 2023.

Kommunestyret i Øygarden vedtok 15. desember at gebyret for vatn, avløp og renovasjon blir auka i 2023. Årsaka er høgare utgifter til renter og straum i tillegg til generell prisauke.

ØyVAR sine inntekter skal vere like store som utgiftene. Loven seier at gebyra skal prisast til sjølvkost. I budsjettet for 2023 er det lagt som føresetnad at driftskostnadene skal haldast på same nivå som for 2020. Men det meste av kostnader er utanfor ØyVAR sin kontroll.

#### Heile Noreg får auka gebyr

Alle kommunane i Noreg vil bli råka av høgare renter og energikostnader, som igjen fører til gebyrauke. Om lag 80 % av gebyret i Øygarden kommune går til innkjøp av varer og tenester i den private marknaden, som også har skrudd opp prisane. Auka drivstoffprisar påverkar renovasjonskostnaden, og straumprisen utgjer no ein høgare kostnad ved vatn- og avløpsanlegga.

#### Fokus på vedlikehald

Det har dei siste 10 åra vore investert om lag 1 milliard kroner i nye leidningar og reinseanlegg i dagens Øygarden kommune. Vi har fokus på å halde vedlikehaldet på eit fornuftig nivå, noko som sikrar god kvalitet på samfunnsviktige tenester til dei som bur i Øygarden kommune.

#### ØyVAR leverer gode tenester

Våre vatn- og avløpsoperatørar er på jobb heile døgnet for at vi skal ha trygt og godt vatn i springen. Vi er stolte av ferske tal frå Kommunebarometeret som viser at ØyVAR er blant topp tre tenesteleverandørar i Vestland fylke. Det årlege Kommunebarometeret måler til saman 14 parameter. Det blir mellom anna målt kor mykje av leidningsnettet som blir fornya, kvaliteten på drikkevotnet og pris. Samla gir resultatet eit mål på kvalitet. Kommunebarometeret viser at ØyVAR er den tredje beste leverandøren av vatn, avløp og renovasjonstenester i Vestland fylke, og nummer 32 av 356 i Noreg.



Alle kommunane i Noreg vil bli råka av høgare renter og energikostnader, som igjen fører til gebyrauke.

#### Kva betyr dette for deg?

For ein normalhushaldning med bustad på 120 kvadratmeter var gebyret for vatn, avløp og renovasjon på 14 469 kroner i 2022.

I 2023 vil gebyret utgjere 17 521 kroner. Auken utgjer 3 052 kroner.

#### Gebyrauke 2023

Vatn	20,70 %
Avløp	29,00 %
Tømming av private tanker/slamavskiljar	10,00 %
Renovasjon	6,5 %



ØyVAR AS er den fremste næringsmiddel- og miljøbedrifta i nye Øygarden kommune. Vi sørgjer for å levere drikkevotn av svært god kvalitet, og vi tek hand om avløpsvatnet og reinsar dette. Vi sørgjer for tømning av private slamavskiljarar og samlar inn og legg til rette for gjenbruk av avfall.

T. 56 31 59 30  
24/7 vakt (kun vatn/avløp): 917 29 717  
postboks@oyvar.no

For meir informasjon sjå  
oyvar.no

